



**PROTOKOLL
LOKALE LØNSFORHANDLINGAR
HELSE FØRDE (HF) – DEN NORSKE LEGEFORENING (DNLF) 2021**

Året 2021, 9. og 11.juni (lokale forhandlingar) vart det i tråd med sentral protokoll mellom Spekter og Akademikerne ført forhandlingar mellom

- Helse Førde og
 - Den norske legeforening (Dnlf)
- vedkomande lønsjusteringar 2021.


Til stades på eit eller fleire møte:

- For Helse Førde
Torstein Nygård
Inger Johanne Sætenes
- For DNLF:
Clarence Johnpillai
Rune Hørgård Tilseth
Hildegunn Styve Borkamo
Kuda Clive Kanhema Manyere

Konklusjon:

1. Medlemmer i stilling som Lege i spesialisering (LIS) gis tillegg som avtalt i sentrale forhandlingar mellom Spekter og Dnlf, jf. protokoll av 28.mai 2021.
2. Medlemmer i stilling som Medisinarstudent med lisens gis med verknad frå 1.januar 2021 tillegg på kr. 7 500 per år i 100 % stilling.
3. Partane er samde om at fylgjande lønstillegg blir gitt med verknad frå 1.januar 2021 til medlemmer i stilling som forskar, overlege, seksjonsoverlege, seksjonsoverlege, seksjonsleiar eller avdelingssjef;
 - a. Alle gis eit tillegg på kr. 27 200 per år i 100 % stilling
 - b. Overlegar med totallønsavtale og vaktansvar får i tillegg ei lønsauke på kr. 17 000 per år i 100 % stilling, utanfor basisløn
4. Medlemmer i stilling som bedriftslege gis med verknad frå 1.januar 2021 lønsauke på 3,20 % av grunnløn.
5. B-dels overeinskomsten blir endra i tråd med vedlegget.
6. Partane er einige om saman utarbeide system og rutiner for uttak av tid til fagleg fordyping, og gjere desse rutinene kjent for både leiarar og tilsette.

Førde 14.06.2021


Torstein Nygård
Forhandlingssjef Helse Førde


Clarence Johnpillai
Forhandlingsleiar Dnlf